

# SLIK FUNGERER DEN AUTOMATISKE STRAUMMÅLAREN:



**SKJERMEN** Viser målarstand (kWh).

**HAN-UTTAK:** For smartheim-løysingar og eksterne skjer-mar. Vi ber deg ta kontakt med nettselskapet før du eventuelt kjøper slikt utstyr, for å avklare om målareren din er klar for tilkopling.

**ENERGIPULS:** Kor raskt det raude lyset blinkar, avheng av straumforbruket.

*Til bruk for montør:*

**M-BUS:** Koplingspunkt for måling av t.d. varmtvatn (normalt ikkje i bruk).

**ENERGIPULS REAKTIV EFFEKT:**

Reaktiv effekt oppstår når straum og spenning er i utakt (belastar nettet), og kan skje med store motorar som treng mykje straum for å starte opp.

Privatkundar betaler ikkje for dette (berre store bedrifts-kundar).



**STATUSINDIKATOR FOR KOMMUNIKASJON (LED):**

Blå og grøne blinkande lys viser at målar-kommunikasjonen fungerer.

**ÅTVARING:** Bruk aldri målareren for å stenge straumen ved elektrisk arbeid.

**SKJERMKNAPP:** Brytar for stenging av straum og for å bla i informasjon som er lagra i målareren (informasjonen vises på skjermen).

*Til bruk for montør:*

**FORSEGLINGSKNAPP (M-BUS):**

Vert opna av montøren dersom det er aktuelt med måling av andre einingar enn straum (normalt ikkje i bruk).

*Til bruk for montør:*

**IR-PORT:** Vert nytta ved t.d. byte av programvare.

**MÅLARNUMMER**

# DEN ORANSJE SKJERMKNAPPEN

Når du trykker på den oransje skjermknappen, kan du lese av ulik informasjon på skjermen. Trykk fleire gonger for å bla gjennom ein meny med informasjon.



## KVA VISER KODANE?

Talet oppe til venstre på skjermen fortel kva måledata som blir vist.

Under kodane kan du sjå kva måledata dei ulike kodane viser.

- Informasjonen og rekkefølga for vising er lik for alle privatkundar.
- Dersom du ikkje trykker på noko, kjem du automatisk tilbake til standardvising etter ca 30 sekund. Då viser skjermen målarstand.



### 1.8.0:

Målarstand slik ein er van med frå dei «gamle» målarane.



### 2.8.0:

Målarstand for Plusskundar\*. Dette har ikkje vore mogleg å vise på dei «gamle» målarane.




### 3.8.0:

Reaktiv effekt – oppstår når straum og spenning er i utakt, og kan skje med store motorar som treng mykje straum for å starte opp. Privatkundar betaler ikkje for dette (berre store bedriftskundar).




### 4.8.0:

Reaktiv effekt – Plusskundar\*.




1.7.0: Effekt – kor mykje straum som vert brukt akkurat no (målt i kW).




2.7.0: Effekt Plusskunde\* – kor mykje straum plusskunden leverer til straumnettet akkurat no (målt i kW).




32.7.0: Volt – viser den elektriske spenninga til ditt anlegg.



31.7.0: Ampere – viser den elektriske straumstyrken til ditt anlegg.



30.2.8: HAN-port versjonsnummer.



### 99.1.0:

Historiske timeverdiar. Her vil du sjå dagens dato på skjermen. Hald deretter inne knappen til skjermbildet endrar seg. For kvar gong du no trykker, kjem du éin time bakover i tid og kan sjå forbruket for denne timen.

\* **Kva er ein Plusskunde?** Ein plusskunde er ein kunde som produserer straum til eige bruk, og som leverer eventuelt produksjonsoverskot til straumnettet (hvis du t.d. har installert solcellepanel).

# STENGE OG KOPLE TIL STRAUMEN



## STENGE STRAUMEN:



- Når du trykker éin gong på den oransje skjermknappen, vert denne teksten vist på skjermen.
- For å stenge straumen held du inne den oransje knappen i meir enn 6 sekund til du høyrer eit klikk.

## KOPLE TIL STRAUMEN:



- Dette biletet vert vist når straumen er kopla ut.
- Framgangsmåten for å kople til straumen, er den same som ved stenging: du held inne den oransje knappen i meir enn 6 sekund til du høyrer eit klikk.

## DU KAN NYTTE BRYTAREN I FØLGJANDE TILFELLE:

- Ved flytting (men du må likevel ta kontakt med oss for å gi beskjed om at du skal flytte).
- Ved stenging av straum i eigen bustad/fritidsbustad, i staden for å skru ut / kople ut hovudsikringa.

Ved å bruke brytaren har nettselskapet framleis kontakt med målararen din. Etter kvart vil dette gi nettselskapet høve til å forsikre seg om at straumforsyninga til bustaden din er intakt.

**NB:** Aldri bruk brytaren for å stenge straumen når det skal utførast elektrisk arbeid i bustaden. Dei aktuelle sikringane skal i slike tilfelle skruast ut / koplast ut på same måte som før.

## NETTSELSKAPET KAN NYTTE BRYTAREN I FØLGJANDE TILFELLE:

- Ved stenging av straum i samband med manglande betaling (i staden for å sende ut montør). **NB:** Før vi stenger straumen, vil kundane få fleire påminningar på vanleg måte.